



MØTEBOK

Høyringsuttale - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029

Utval sak	Utval	Møtedato
49/16	Formannskapet	15.06.2016
37/16	Kommunestyret	22.06.2016

Vedlegg:

1. Felles skriv fra Stord og Fitjar dagsett 26. mars 2015 om manglende midlar på Levågparsellen.
2. Svarbrev dagsett 21. april 2015.
3. Kopi av uttalen fra Samarbeidsrådet dagsett 18. mai 2016.

Utrykt dokument:

Høyringsdokumentet: www.regjeringen.no/id2477490

Bakgrunn:

Nasjonal transportplan(NTP) for perioden 2018-2029 er på høyring. Høyringsfristane er 1. juli for eigen uttale.

NTP er dei statlege samferdslestatane (Statens vegvesen, Jernbaneverket, Kystdirektoratet og Avinor) sin felles plan for samla prioritering av samferdsletiltak i Norge.

Dei statlege prioriteringane går på samfunnsnytte, miljøverknad og sikringstiltak. Det er tre nivå på rammene i planen. Høg – middels – låg, med kvar sine prioriteringar. Det er ikkje prioriterte tiltak i Sunnhordland utanom E 39 og E 134 samt fiskerihamn i Bømlo. Tiltak knytt til E 39 og E 134 er dessutan prioritert ute i tid, og med høg ramme. (Ådland – Svegatjørn også ved middels ramme).

Saksopplysningar:

Det går to nasjonale hovudvegsamband, E 39 Kyststamvegen og E 134 Haukelivegen, gjennom regionen. Desse er særskilt viktige samferdsleprosjekt både nasjonalt, for heile Vestlandet, og for regionen. Fitjar kommune vil difor innleiingsvis streka under at prosjekta på E39 og E134 må få prioritet så langt framme i Nasjonal Transportplan (NTP) 2018-2029 som mogleg.

E 39 Kyststamvegen (Korridor 4)

Realisering av ein ferjefri kyststamveg E39 er ei sentral arbeidsoppgåve for Sunnhordland. Utviklingsstrategi for ferjefri og utbetra E39 legg opp til at alle prosjekta skal vera ferdigstilt i 2035.

Fitjar kommune vil særleg peika på desse strekningane:

Ådland-Svegatjørn:

Arbeidet med statleg plan starta opp i 2014. Det er bestemt at traséen skal gå frå Stord til Tysnes og med bru over Bjørnafjorden til Os. I planarbeidet vert det vurdert ulike kryssingar over Langenuen mellom Stord og Tysnes og over Bjørnafjorden mellom Reksteren og Os. Det vert teke sikte på å ha godkjend kommunedelplan i løpet av 2016.

Heiane-Ådland:

Kommunedelplan for strekninga vart starta før vedtaket om statleg plan på Bokn – Bergen. Standard og overgangar mot trasé for den statlege planen vert teke vare på i planarbeidet. Stord kommunestyre vedtok planen 28.04.2016. Sidan vegvesenet har motsegn mot det alternativet kommunen vedtok, er planen sendt fylkesmannen for vidaresending til KMD for endeleg vedtak.

Våg-Heiane:

På sikt må det byggjast nytt samband over Bømlafjorden til erstatning for dagens tunnel. Løysinga er ikkje avklara. Det er aktuelt både med ny tunnel og bru basert på ny teknologi.

Prioritering:

I Utviklingsstrategi for ferjefri og utbetra E39 er det lagt opp til at bygging av strekninga Våg-Heiane skal skje i perioden 2029-2033, Heiane-Ådland i perioden 2021-2023 og Ådland-Svegatjørn i perioden 2021-2027. Strekninga Ådland-Svegatjørn ligg i grunnlagsdokumentet inne ved middels og høg ramme, strekninga Våg-Heiane er skildra under nye prosjekt, medan strekninga Heiane-Ådland ikkje er nemnt.

Med utgangspunkt i den store samfunnsnytten som ligg til grunn for utbygging av ferjefri E39 og kor viktig det er for Sunnhordlandsregionen, ber Fitjar kommune om at Utviklingsstrategien for ferjefri E39, vert lagt til grunn i den ved vidare handsaminga av NTP. Det tilseier bygging av Ådland-Svegatjørn i 2021-2027, Heiane-Ådland i 2021-2023 og Våg-Heiane i 2029-2033, eller tidlegare i NTP-perioden om mogleg.

Engevik – Levåg i Fitjar:

Fitjar kommune vil og visa til manglande løying til ferdigstilling av parsellen Engevik-Levåg på E 39 i Fitjar, som det einaste som står att på noverande E 39 gjennom Sunnhordland. Ein ber om at det vert funne midlar til denne tidleg i perioden, då vegstrekka sannsynlegvis må nyttast som hovudveg i minst 10 år til.

E 134 Haukelivegen (Korridor 5)

E134 er den viktigaste aust-vest korridoren for Hordaland og Rogaland.

Heilskapstenkinga i aust-vest utgreiinga må visa igjen i prioriteringane i NTP, og vegen bør få styrka prioritering. Fitjar kommune vil særleg peika på desse strekningane:

Røldal-Seljestad

Prosjektet har godkjent kommunedelplan i 2008, og vil få godkjent reguleringsplan i løpet av 2016 eller tidleg i 2017.

Prosjektet er i inneverande NTP 2014-2023 prioritert med oppstart i siste seksårsperiode.

Vågsli-Røldal

Prosjektet har godkjent kommunedelplan i 2008. Godkjent reguleringsplan er venta i løpet av 2017. Prosjektet er i inneverande NTP 2014-2023 prioritert med oppstart i siste seksårsperiode.

Bakka-Solheim

Kommunedelplanar gjennom Etne og Vindafjord kommunar er ferdig utarbeidd, for ei strekning på om lag 40 km.

Prosjekta Røldal-Seljestad og Vågsli-Røldal ligg inne som nye prosjekt i alternativet med høg ramme i slutten av NTP-perioden. Bakka-Solheim er ikkje nemnt.

Aust-vest utgreiinga viser at samfunnsnytten for E134 Haukelivegen som aust-vest samband, med «arm til Bergen», er særstak positiv. Dette må vektleggast, slik at gjennomføring av alle desse tre strekningane vert prioritert opp og sikra så tidleg oppstart som mogleg. Røldal-Seljestad bør vera første byggetrinn.

****Vurdering:****

For Fitjar er det E 39 som må stå øvst på lista. E 39 Kyststamvegen gjennom regionen er det desidert viktigaste samferdsleprosjektet for regionen og Fitjar kommune, og må

få høgste prioritet i NTP.

NTP omtalar ikkje resterande strekkje på noverande E 39 frå Engevik til Levåg (Levågparsellen), der det manglar ca 2,7 km for at heile strekkja gjennom Sunnhordland er ferdig. Dette må fullførast.

E 134 er og eit særskilt viktig prosjekt for regionen. Samarbeidsrådet peikar her på viktige moment og prioriteringar som Fitjar kan slutta seg til.

Framlegg til tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til følgjande vedtak:

Fitjar kommunestyre sluttar seg til uttale frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland dagsett 18. mai 2016.

E 39 Kyststamvegen og E 134 Haukelivegen er dei desidert viktigaste samferdsleprosjekta både nasjonalt og for regionen, og må prioriterast høgt.

Fitjar kommune vil dessutan visa til manglende ferdigstilling av parsellen Engevik- Levåg på E 39, og ber om at det vert funne midlar til denne tidleg i perioden, då vegstrekka sannsynlegvis må nyttast som hovudveg i minst 10 år til.

Fitjar kommune ber om at høg ramme vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med NTP.

Behandling i Formannskapet - 15.06.2016:

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre sluttar seg til uttale frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland dagsett 18. mai 2016.

E 39 Kyststamvegen og E 134 Haukelivegen er dei desidert viktigaste samferdsleprosjekta både nasjonalt og for regionen, og må prioriterast høgt.

Fitjar kommune vil dessutan visa til manglende ferdigstilling av parsellen Engevik- Levåg på E 39, og ber om at det vert funne midlar til denne tidleg i perioden, då vegstrekka sannsynlegvis må nyttast som hovudveg i minst 10 år til.

Fitjar kommune ber om at høg ramme vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med NTP.

Behandling i Kommunestyret - 22.06.2016:

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre sluttar seg til uttale frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland dagsett 18. mai 2016.

E 39 Kyststamvegen og E 134 Haukelivegen er dei desidert viktigaste samferdsleprosjekta både nasjonalt og for regionen, og må prioriterast høgt.

Fitjar kommune vil dessutan visa til manglende ferdigstilling av parsellen Engevik- Levåg på E 39, og ber om at det vert funne midlar til denne tidleg i perioden, då vegstrekka sannsynlegvis må nyttast som hovudveg i minst 10 år til.

Fitjar kommune ber om at høg ramme vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med NTP.

Atle Tornes
Rådmann